

## Sikringstiltak i Ospelunden

25.01.2014



**Entreprenør Gunnar Røsland har no redegjort for dei sikringstiltak som er gjort i samband med den omdiskuterte muren i Ospelunden, Han visar mellom anna til ein risikovurdering der det vart opplyst at naboane skulle varslast før kvar salve vart skoten. Det ligg også føre ei liste over tidspunkt når det ferdast born til og frå skule forbi staden og ellers andre tider som er aktuelle for ferdsle nedafor tomte. Dette er det teke omsyn til.**

I tillegg har det vore vakt nedanfor vegen med samband til utførande i tomte. Vakta har varsla når det kom folk på sykkelstien

slik at arbeidet vart stoppa til passering hadde skjedd.  
Nedfallet er kome medan arbeidet har vore igang og ikkje elles  
og det vert rydda snarast.

Når det gjeld geotekniske vurderingar står grunnstein og skotstein  
på avreinska fjell og difor er det ikkje foretatt undersøkingar.  
Murfoten er skoten slik at den har fall innover med mest  
mogleg stabilitet.

Av Ola Matti Mathisen